

Rimkrønika og andre soger om Heilag-Olav

Ivar Berg

Dette er ein postprint-versjon (siste versjon frå mi hand før sats) av ein artikkel i *Sankt Olav och grannfolken. En svensk rimkrönika om en norsk helgonkung* (Opuscula Historica Upsaliensia 64), red. av Erik Opsahl & Henrik Ågren, s. 23–47. Historiska institutionen, Uppsala universitet, 2025.

Ved tilvisingar til artikkelen må den trykte utgåva sjekkast for korrekte sidetal.

1 Innleiing

1.1 Ein lang tradisjon

Den svenske rimkrønika frå 1400-talet føyer seg inn i ein lang tradisjon med forteljingar om den norske helgenkongen. Her skal eg gjera greie for hovudtrekka i denne teksttradisjonen med vekt på rolla Olav Haraldsson (seinare Heilag-Olav) har spela, og korleis ulike soger har bygd på kvarandre og gjeve oss dei versjonane vi kjenner i dag.

Ei hovudsak i kongesogeforskinga har vore nettopp tilhøvet mellom dei ulike tekstane, eksisterande og tapte. Det er først i nokså moderne tid at til dømes estetikk og kongeideologi i sogene har kome meir i framgrunnen.¹ Det meste av det følgjande er det nokolunde fagleg semje om, sjølv om det er ein del uklåre punkt. Det viktigaste her er å visa korleis det har eksistert ulike soger som til dels har omtala dei same sentrale hendingane i livet til helgenkongen, samstundes som dei har vore inspirasjon for neste sogeskrivar i historia.

1.2 Periodar i kongesogeskrivinga

Theodore Andersson, ein av dei fremste kjennarane av kongesogene som sjanger, deler kongesogene i fire generasjonar:

[T]he earliest lost kings' lives by Sæmundr and Ari from the early twelfth century, the so-called Norwegian synoptics (ca. 1175–1190?), the formative period of the Icelandic kings' saga proper (ca. 1150–1200), and the major compendia (*Morkin-skinna*, *Fagrskinna*, *Heimskringla*) from 1220 to 1230.²

Eg gjev att hovudpoenga i denne utviklinga nedanfor, der dei tre første periodane hjå Andersson er samla i bolk 2, medan dei store sogeverka er omtala i bolk 3. Dette kan vera ei høveleg inndeling av tradisjonen fram til *Heimskringla*. Men noko må også seiast om den vidare tradisjonen, og eg legg difor til noko om kongesoger etter *Heimskringla* og grunnlaget for moderne utgåver.

1 Jf. Ármann Jakobsson 2023.

2 Andersson 2005, s. 198. Nokolunde same inndeling brukar òg til dømes Ármann Jakobsson 2005.

Etter det litteraturhistoriske oversynet ser eg nærare på rimkrønika og dei direkte kjeldene for ho, både med utgangspunkt i tidlegare forskning og kva teksten sjølv kan fortelja oss (bolk 4). Deretter følgjer ei jamføring av teksten i rimkrønika med det sannsynlege førelegget i bolk 5. I eit vedlegg har eg samla ein annotert bibliografi over sentrale utgåver av kongesogene.

2 Den eldste tradisjonen

Ulike typar latinsk historieskriving må ha vore kjend blant dei første skriftlærde i Norden, heilt frå latinspråkleg lærdom spreidde seg hit med kristendomen. Dei eldste framstillingane av nordisk historie må ha vore inspirerte av krøniker av same type som var kjende frå kontinentet.

2.1 Dei første historieverka

Anderssons første periode gjeld starten på den litterære tradisjonen med kongesoger. Seinare tekstlege kjelder fortel at det har funnest islandske kongesoger eller krøniker frå første halvdel av 1100-talet av Sæmundr fróði ['den vise'] Sigfússon og Ari fróði Þorgilsson.³ Vi veit eigentleg lite sikkert om kor omfattande framstillingane deira har vore, men ein del av dei seinare sogeskrivarane viser til desse autoritetane, til dømes Snorre:⁴ «Ari prestr inn fróði Þorgilsson Gellissonar ritaði fyrstr manna hér á landi at norrœnu máli frœði, bæði forna ok nýja.»⁵ Sidan det er understreka at Ari skreiv på norrønt, reknar ein med at det elles ukjende verket av Sæmundr var på latin. Det var også dei eldste norske historieverka.

2.2 Norske oversiktsverk

Dei eldste bevarte kjeldene er dei norske *Historia de antiquitate regum norwagiensium* (av Theodoricus, ca. 1180) og *Ágrip af Noregs konunga sögum* (ca. 1190), og eventuelt *Historia Norwegiae* (HN, ca. 1170?).⁶ I ei undersøking av tilhøvet mellom desse tre tekstane kom Tor Ulset til at *Ágrip* byggjer på dei to eldre latinske krønikene.⁷ Andre har likevel meint at *Historia Norwegiae* er seinare og har ei anna stilling i teksttradisjonen.⁸ Det er òg omstridd om forfattaren av *Ágrip* kjende eldre islandske (skriftlege) soger, og i så fall kva for nokre. Det treng uansett ikkje hefta oss her, men verket påverka den seinare tradisjonen.

Særleg Theodoricus (på norsk ofte omtala som *Tjodrek*, sjølv om namnet vel så truleg var ei latinisering av norr. *Þórir*) viser ein tydeleg lærd stil med tilvisingar til klassisk historie og lærdom; HN viser noko av det same.⁹ I motsetjing til desse liknar *Ágrip* meir på seinare soger, jamvel med nokre få innskot av skaldekvad.

Både Theodoricus og *Ágrip* brukar meir plass på Olav Tryggvason († 1000) enn Olav Haraldsson († 1030), men desse to kongane får mest rom (Olav Haraldsson fyller ca. 13–14 prosent av *Ágrip*). Dei er uansett omtala som ein del av ei samla framstilling. HN sluttar pussig nok med at Olav Haraldsson reiser til Noreg i 1015.

³ Andersson 2005, s. 199–201.

⁴ Eg skriv namna til islendingar i mellomalderen på norrønt (t.d. *Sæmundr*), med unntak av Snorre, som er velkjend under dette namnet. Norske kongar har moderne norsk skrivemåte, som dei er kjende under i faglitteraturen.

⁵ *Heimskringla* I, s. 5. 'Presten Are den vise, son av Torgils Gellisson, var den første her i landet som skreiv både gamal og ny historie på norrønt' (mi omsetjing).

⁶ Jf. diskusjon om dateringa av HN i Mortensen 2003, s. 11–24.

⁷ Ulset 1983.

⁸ Jf. diskusjonen i Andersson 2005, s. 201–211.

⁹ Mortensen 2003, s. 9; Ármann Jakobsson 2005, s. 391.

Det einaste bevarte handskriftet av *Ágrip* er defekt, både byrjinga og slutten manglar. Den eksisterande delen byrjar med at Harald Hårfagre blir einekonge, så truleg har teksten teke til med Halvdan Svarte. Mot slutten er det meir uvisst; handskriftet sluttar med at Inge Krokrygg blir konge i 1136, men mange har meint at framstillinga gjekk til 1177 som dei seinare samleverka. *Ágrip* kan ha vore ein viktig inspirasjon i dette stykket.

2.3 Dei første islandske kongesogene

I andre halvdel av 1100-talet kom dei første sogene om einskilde kongar, særleg Olav Tryggvason og Olav Haraldsson.¹⁰ Den første saga i sitt slag kan ha vore *Hryggjarstykki*, som berre er kjent frå referansar i seinare verk. Det har vore delte meiningar om kva *Hryggjarstykki* inneheldt, men det kan ha vore ei soge med vekt på kongsemnet Sigurd Slembe († 1139) meir enn ei samanhengande historie som dei norske verka.¹¹

Somme forskarar har meint at det vart skrive soger om mange ulike kongar i denne perioden, som så vart kjelder for dei store samleverka på 1200-talet, men i dag er dei fleste skeptiske til å rekna med altfor mange tapte soger. Men nokre må det ha vore, både på grunn av påverknad på seinare verk, og ikkje minst fordi det finst direkte referansar til slike soger, til dømes om ladejarlane og Håkon Adalsteinsfostre († ca. 960).¹² Heilt sikker er Oddr Snorrasons (sometid kalla Odd munk) soge om Olav Tryggvason på latin, snart etter omsett til norrønt, frå seint 1100-tal. Så gamal er også den eldste delen av *Sverresoga* om kong Sverre (1177–1202), påbyrja i 1180-åra. Det heiter i prologen: «[...] bók er fyrst ritaði Karl áboti Jónsson, en yfir sat sjálfr Sverrir konungr ok réð fyrir hvað rita skyldi». ¹³ Andre kjelder fortel at Karl Jónsson var i Noreg 1185–1188.¹⁴

Når det gjeld Olav Haraldsson, den seinare Heilag-Olav, gjorde Sigurður Nordal grunnleggjande arbeid i å greia ut tilhøvet mellom dei ulike sogene om han.¹⁵ Han gjekk ut frå ein *Eldste saga* frå siste halvta av 1100-talet som berre er bevart i nokre få fragment. Deretter rekna han med ein heilt tapt **Mellomste saga* frå 1200–1210 som seinare vart kjelde for ei sterkt utvida olavssoge av Styrmir Kárasen så vel som for den såkalla *Legendariske saga* (sjå nedanfor). Styrmir levde på same tid som Snorre og hadde eit tett forhold til han. Styrmirs soge er ikkje bevart, men vart ei viktig kjelde for forfattarane av dei seinare sogeverka, og nokre delar av saga hans vart tekne med i den mykje seinare *Flateyjarbók* frå ca. 1390.

Somme forskarar har seinare kritisert delar av denne framstillinga, særleg tanken om ein mellomste saga.¹⁶ Andre, til dømes Klaus Johan Myrvoll, stør den tradisjonelle framstillinga, særleg fordi vi treng eit mellomledd mellom den eldste saga om Olav Haraldsson og Styrmirs versjon og *Legendariske olavssaga*, fordi dei to siste ser ut til å ha eit sams utgangspunkt særleg i stoff dei har henta frå *Ágrip*.¹⁷

Legendariske saga er ei soge som legg vekt på helgenkongen Olav. Slik sett minner saga om den sterkt hagiografiske framstillinga av Olav Tryggvason i saga Oddr Snorrason skreiv på latin sist på 1100-talet. *Legendariske saga* kan ha vore

10 Andersson 2005, s. 212–216.

11 Andersson 2005, s. 214; Ármann Jakobsson 2005, s. 389.

12 Jf. Andersson 2005, s. 215.

13 *Sverris saga*, s. 1 (mi normalisering). '[...] boka som abbed Karl Jonsson skreiv først, og kong Sverre sat sjølv med og rådde for kva som skulle skrivast' (mi omsetjing).

14 Ármann Jakobsson 2005, s. 392.

15 Sigurður Nordal 1914.

16 Andersson 2005, s. 212–213. Ármann Jakobsson 2005, s. 394, nemner ikkje noko slikt mellomsteg, men utan å kommentera det.

17 Myrvoll, pers. komm.

eit norsk verk, i alle fall er det einaste handskriftet norsk (Uppsala DG 8 II, skrive i Trøndelag ca. 1250), sidan 1652 i Sverige.¹⁸ Anne Holtsmark meinte at handskriftet må ha hatt eit norsk førelegg frå rundt 1200, for teksten er «rent kjemisk fri for islandismer» (islandske språkformer, til dømes *hl-*, *hn-*, *hr-* først i somme ord), som neppe kan reinskast ut så grundig i berre éi avskrift.¹⁹ Holtsmark viser òg til paleografiske trekk, blant anna nokre feil som kan skuldast mistolking av den insulære (gamalengelsk skrift) bokstavforma «r» 'r' som var bruka i norsk – men ikkje islandsk – skrift fram til rundt 1200; dette talar for eit norsk førelegg frå den tida.

Legendariske saga inkluderer ei rekkje mirakel knytte til Heilag-Olav. Kjelda for desse er i stor grad *Passio Olavi*, eit religiøst skrift laga av eller for erkebisp Øystein Erlendsson (1161–1188) kanskje i 1160-åra, altså før kongesogene. Dei ulike mirakla og jartegnene finst òg i norrøn versjon i den norske homilieboka.²⁰

2.4 Frå krøniker til kongesoger

Frå dei første, no tapte, forsøka på historieskriving (Sæmundr og Ari) tidleg på 1100-talet vart kongesogene etablerte som ein sjanger mot slutten av 1100-talet. Dei fortel alle om norske (og til dels danske) kongar, men som Andersson kommenterer, er dei slåande ulike.²¹ Nokre av dei tidlege er på latin – og syner tydeleg påverknad frå den latinske krøniketradisjonen –, resten på norrønt; somme tek for seg nesten samtidige hendingar (t.d. *Sverresoga*), andre går minst eit par hundre år attover; somme er «historiske» i meir moderne forstand, andre meir eventyrlege (t.d. *Jómsvíkinga saga*); og somme er verdslege, andre meir hagiografiske (ulike soger om dei to Olavane). Det same poenget nemner Ármann Jakobsson, som til og med vel «Royal Biography» som tittel og unngår ordet *saga*.²²

Rundt 1200 fanst det større soger om dei to Olavane, *Sverresoga* om norsk historie etter at Sverre vart leiar for birkebeinarane i 1177 (slaget på Re), og meir kortfatta framstillingar av historia frå det mytiske opphavet i førhistorisk tid fram til Olav Tryggvason, og mellom Olav Haraldsson og kong Sverre. Somme av desse tekstane er bevarte, andre berre kjende frå referansar i seinare verk som erstatta dei. For frå litt etter 1200 kjem den typen kongesoger vi er vane med å tenkja på.

3 Dei store kongesogeverka

Det fanst altså korte oversiktsverk over heile den norske historia (§ 2.2) og lengre soger om einskilde kongar (§ 2.3). Eit naturleg neste steg var å samla dei ulike sogene og byggja ut ei samla, samanhengande framstilling.

3.1 Tre store kompilasjonar

I tida 1210–1230-åra kom det til tre store kompilasjonar av soger om dei norske kongane som til saman dekte tidsrommet fram til 1177, med meir utfyllande framstillingar av historia før og etter Olavane, nemleg *Morkinskinna*, *Fagrskinna* og *Heimskringla*.²³

Morkinskinna er den eldste, frå ca. 1220 (eller helst litt før, jf. omtalen av *Fagrskinna* nedanfor), og dekkjer perioden etter Olav Haraldsson; ho er såleis ikkje så relevant i vår samanheng. Men for den delen ho dekkjer, kan soga seia noko om

18 Johnsen 1922, s. XII.

19 Holtsmark 1956, s. 7–9.

20 AM 619 4^o i København.

21 Andersson 2005, s. 216.

22 Ármann Jakobsson 2005.

23 Andersson 2005, s. 216–221; Ármann Jakobsson 2005, s. 395–397.

forfattartidspunkt og tilhøvet til dei andre sogene. Ho ser til dømes ut til å følgja *Ágrip* tett i delar av teksten. *Morkinskinna* fylte ut perioden mellom olavssogene og Sverresoga. Opphavleg var namnet knytt til handskriftet GkS 1009 fol. som berre går fram til 1157, men teksten finst òg i yngre handskrifter der han går fram til 1177.

Fagrskinna dekkjer perioden frå Halvdan Svarte til slaget på Re i 1177, det same som *Heimskringla* (og kanskje *Ágrip*, om verket gjekk så langt). *Fagrskinna* blir tidfesta til ca. 1220, men må ha vore yngre enn *Morkinskinna*, som ho til dels byggjer på.²⁴ I motsetjing til dei andre kongesogene etter *Ágrip* (og kanskje *Legendariske saga*) er *Fagrskinna* truleg skriven av ein nordmann.²⁵

Heimskringla (*Hkr*) er ein kulminasjon av den tradisjonen som er oppsummert her, og har bruka mange eldre soger, inkludert *Morkinskinna* og *Fagrskinna*, som kjelder. *Heimskringla* dekkjer same tidsrom som *Fagrskinna*, frå Halvdan Svarte til 1177, men har i tillegg *Ynglingesaga* om (den mytiske) tida før Halvdan Svarte.

Det er i all hovudsak semje om den interne rekkjefølgja her, og at forfattaren av *Fagrskinna* utnytta *Morkinskinna* som kjelde, og Snorre seinare *Fagrskinna*. Dei to siste byggjer altså både på *Morkinskinna*, i tillegg til andre skriftlege kjelder, medan kjeldegrunnlaget for *Morkinskinna* er meir usikkert; somme har føreslege fleire seinare tapte soger om ulike kongar (jf. ovanfor), andre meiner det i tillegg til dei korte oversiktsverka (som *Ágrip*) og skaldedikt har dreidd seg om munnleg tradisjon.²⁶

3.2 Snorres olavssoge og *Heimskringla*

Ein reknar med at Snorre først skreiv ei særskild soge om Heilag-Olav (*Særskilde saga*, her forkorta *ÓH*), deretter separate delar om tida før (*Hkr I*) og etter (*Hkr III*).²⁷ Dette forholdet vart klårlagt av Sigurður Nordal og har, så vidt eg kjenner til, vore *communis opinio* sidan.²⁸ Dette opplegget forklarar også at Heilag-Olav får så stort rom jamført med andre kongar, omkring ein tredjedel av *Heimskringla*.

Særskilde saga skil seg frå olavssoga i *Heimskringla* først og fremst ved at ho gjev eit riss av kongane før Olav, frå Harald Hårfagre, og ho avsluttar med ei samling jartegner der nokre historiske opplysingar om dei seinare kongane er med som ramme; i *Heimskringla* følgjer jartegnene på kronologisk plass i sogene om kongane etter Olav. Sigurður Nordal gjer greie for ei rekkje mindre skilnader mellom dei to olavssogene som underbyggjer konklusjonen hans om at *Særskilde saga* er eldst og olavssoga i *Heimskringla* ei seinare omarbeiding.²⁹ Hovudhandskriftet av *Særskilde saga* er Isl. perg. 2 4:to (Kungliga biblioteket) frå 1250–1300, men det inneheld nokre klare avskrivarfeil, slik at det må ha vore minst to avskrifter mellom originalen og denne versjonen.³⁰

Dei tre delane av *Heimskringla* er delvis overleverte kvar for seg, og det er ikkje sikkert Snorre nokon gong sjølv sette alt saman; det kan vera seinare avskrivarar som har samla dei tre delane, og da med ein forkorta versjon av *Soga om Heilag-Olav* som vi kan kalla *Hkr II*.³¹ Nokre handskrifter av *Heimskringla* manglar *Hkr II*,

24 Myrvoll 2023, s. 85 med tilvisingar til eldre litteratur, særleg Indrebø 1917.

25 Myrvoll 2023; Jakobsen & Hagland 1980.

26 Andersson 2005, s. 217–219.

27 Eg brukar «*Særskilde saga*» som kortnamn her, etter Sigurður Nordal 1914. Johnsen & Jón Helgason 1941 har undertittelen «Den store saga om Olav den hellige», andre brukar «separate Olavs-soge» (t.d. Myrvoll 2023).

28 Sigurður Nordal 1914.

29 Sigurður Nordal 1914, s. 173–198. Jf. § 4.3 nedanfor.

30 Sigurður Nordal 1914, s. 170.

31 Jørgensen 2000, s. 64–69; Louis-Jensen 1997. Jf. § 3.4 nedanfor.

andre har *Særskilde saga* i staden for *Hkr II*.³² Til saman utgjer dei tre delane ei samanhengande historie som dekkjer same tidsspenn som *Fagrskinna*. Medan *Særskilde saga* truleg vart til i 1220-åra, er *Hkr I* og *Hkr III* etter den vanlege tanken noko seinare.

Det er altså veldig korte avstandar i tid her. Styrnirs olavssoge er tidfest til litt etter 1200, så både Morkinskinna og Fagrskinna rundt 1220, men Morkinskinna først, og Snorres olavssoge like etterpå. Forfattarane av dei ulike verka kan godt ha kjent kvarandre personleg (slik t.d. K.J. Myrvoll ser for seg); i alle fall har dei hatt tilgang til eldre verk og bruka dei i sine eigne utformingar.³³

3.3 Etter *Heimskringla*

Dei mest kjende sogene etter *Heimskringla* er Sturla Þórðarsons (brorson av Snorre) soger frå tida etter 1177, både om norske kongar (Håkon Håkonsson, Magnus Håkonson Lagabøte) og islandsk samtidshistorie; Sturla skreiv delar av *Sturlunga saga* om den islandske borgarkrigstida.

På 1300-talet kom det fleire kompilasjonar som samla det meste av kjende kongesoger, og gjerne også relevante islendingesoger og anna materiale.³⁴ Det største av desse verka, og det største av alle islandske handskrifter frå mellomalderen, er *Flateyjarbók*, skriven 1387–1394. Sogene her byggjer på eldre tekstar (ikkje sjølvstendige utformingar), og handskriftet inkluderer stoff som ikkje er bevart elles, blant anna delar av Styrnirs olavssoge og diktet *Nóregs konungatal* som skal vera basert på Sæmundr Sigfússons elles tapte latinske historieverk (jf. § 2.1).³⁵ Dessutan er forteljinga ført lenger fram, og versjonar av sogene om kong Sverre og Håkon Håkonsson er tekne med. Det finst også andre liknande kompilasjonar frå 1300-talet, men dei byggjer på eksisterande soger eller samleverk.

Det kan i vår samheng vera interessant å leggja merke til at *Flateyjarbók* inneheld den eldste oppskrifta av islandske *rímur*, *Ólafs ríma Haraldssonar*. På same måte som den svenske rimkrønika viser dette ei omarbeiding av kjent stoff, historisk og legendarisk, til ein ny litterær mote.³⁶

Dei fleste av dei eldre sogene finst berre i eitt eller eit par handskrifter, medan det er fleire (inkludert fragment) av Snorres soge om Heilag-Olav. Det er altså denne som har vore mest og vidast spreidd i seinmellomalderen og etterpå. I tillegg til kjende manuskript har det også funnest no tapte handskrifter som har vore utgangspunkt for nokre av dei tidlege omsetjingane, til dømes av Peder Clausson Friis (utg. 1633).

3.4 Utgåver og omsetjingar i moderne tid

I eit vedlegg har eg samla ein lett annotert bibliografi over dei sentrale utgåvene av dei omtala kjeldene. Her skal berre nokre hovudpunkt ved overleveringa understrekast.

32 Sjå oversynet i Louis-Jensen 1997, s. 234.

33 Myrvoll 2023.

34 Ármann Jakobsson 2005, s. 398.

35 Sigurður Nordal 1914, s. 204, feller ein hard dom over denne redaksjonen: «Denne bearbejdesvirksomhed naaer sit højdepunkt i Flateyjarbók, hvor hele sagaer er indskudte, foruden pættir og talrige mindre stykker. Snorres arbejde er her ikke til at kende igen. Vi staar overfor et konglomerat af uensartede dele, hvor al enhed og al komposition er brudt. Her er ikke mere tale om nogen udvikling, men om en opløsning.»

36 Sjå *pistill* på nettet av Haukur Þorgeirsson:

<https://arnastofnun.is/is/utgafa-og-gagnasofn/pistlar/ferskeytlur-flateyjarbokar>
(26.2.2025).

(lese

Dei eldste sogene om Heilag-Olav, dvs. *Eldste saga* og *Styrmirs olavssoge*, er ikkje kjende som heile verk, men nokre fragment av *Eldste saga* vart utgjevne av Gustav Storm.³⁷ *Legendariske olavssaga* er bevart i eitt handskrift (som definitivt er norsk, kanskje etter islandsk førelegg). Dei norske verka er bevarte i eitt handskrift kvar, *Fagrskinna* i to litt ulike versjonar. Båe to gjekk tapt i brannen i København i 1728, men etter at det var teke gode avskrifter av dei. Derimot finst det ein rikare handskrifttradisjon for *Heimskringla*, som i stor grad erstatta dei eldre sogene.

Særskilde saga er utgjeven etter handskriftet Isl. perg. 4:o 2 i Kungliga biblioteket av O. A. Johnsen & Jón Helgason.³⁸ Soga finst også i fleire andre handskrifter, inkludert handskrifter som også har *Hkr I* og *Hkr III*. Moderne utgåver av *Heimskringla* byggjer på det tapte handskriftet *Kringla*, som har ein redigert og forkorta versjon av saga om Heilag-Olav – ein versjon som berre finst overlevert i akkurat dette handskriftet og kanskje ikkje er Snorres eige verk.³⁹ *Kringla* brann i 1728, men da var det gjort fleire pålitelege avskrifter. Allereie den første heimskringloutgåva av Peringskjöld i 1697 følgde avskrifter av *Kringla*.⁴⁰ Den kritiske utgåva hans Finnur Jónsson (4 band 1893–1901) følgjer den eine avskrifta av *Kringla* ganske tett, og langt frå alle variantar er tekne med i det kritiske apparatet.⁴¹ Dei fleste seinare utgåver og omsetjingar byggjer anten på denne utgåva av Finnur Jónsson eller på den litt reviderte leseutgåva i eitt band (utan kritisk apparat) frå 1911, såleis også Gustav Storms norske omsetjing frå 1899.⁴² Bjarni Aðalbjarnarson's trebandsutgåve i serien Íslenzk fornrit byggjer òg på Finnur Jónsson-utgåva, men han valde litt oftare enn Finnur variantar frå andre handskrifter.⁴³

Det er altså i praksis utgåver som i siste instans byggjer på handskriftet *Kringla* av den samla *Heimskringla* folk i dag kjenner til. Tradisjonen i norrøn filologi har vore å basera utgåver og omsetjingar på «beste tekst», altså det beste handskriftet ein kan identifisera. Det har ikkje vore tradisjon for å gjera som dei klassiske filologane og bibelgranskarane gjer, der ein vel dei beste *lesemåtane* – etter ei tekstkritisk vurdering – frå ei rekkje handskrifter og samanstillar desse til ein rekonstruert «urtekst». Slik byggjer dei moderne utgåvene på éin versjon av *Heimskringla*, utan at all variasjonen i andre versjonar er komen med. Det gjer at mange har eit uheilt bilete av dei munnlege og skriftlege tradisjonane som fanst i mellomalderen, sjølv om det må seiast at ulike handskrifter av same verk (t.d. *Særskilde saga*) viser liten variasjon ut over rettskriving og delvis ordval.⁴⁴ Men ulike verk kan skilja seg ein god del frå kvarandre i attgjevinga av same hendingar.

4 Den svenske rimkrønika

Den eldre tradisjonen var mangfaldig, og det er fleire ulike versjonar av saga om Heilag-Olav som teoretisk sett kunne vore aktuelle kjelder for den svenske

37 Storm 1893. Jonna Louis-Jensen 1970 meiner to av fragmenta ikkje høyrer til *Eldste saga*.

38 Johnsen & Jón Helgason 1941 (i praksis gjorde Jón det meste av arbeidet). Handskriftet er tilgjengeleg digitalt: <https://manuscripta.se/ms/101267>.

39 Jørgensen 2000, s. 64; Louis-Jensen 1997, s. 234–235.

40 Jørgensen 2000, s. 46.

41 Jørgensen 2000, s. 52–53.

42 Bjarni Aðalbjarnarson 1951, s. C–Cl.

43 ÍF 26–28 = *Hkr I–III*. *ÓH* fyller heile band 27, og dei delane av *Særskilde saga* som ikkje er med i *Hkr II*, er trykte som tillegg s. 419–451. På grunn av krigen fekk ikkje Bjarni tilgang til handskriftene før i tredje bandet og måtte byggja på variantapparatet i utgåva hans Finnur Jónsson (Bjarni Aðalbjarnarson 1951, s. CXII).

44 Jf. variantapparatet i ei kritisk utgåve, til dømes Johnsen & Jón Helgason 1941.

rimkrønika. Som eg skal visa, er det likevel ingen tvil om at førelegget er *Særskilde saga*, og i jamføringar med saga nedanfor viser eg til denne.⁴⁵

4.1 Rimkrønika i to versjonar

Johan Hadorphs *Sanct Olaffs Saga på Swenske Rim* (1675) byggjer etter eiga utsegn på ein versjon som er over 200 år og som «är itt kort Vthtog aff then gamla widlyftige Norska Sagan som aff ålder här vthi Rijket och Rijcksens *Archivo* hafwer förwarat legat, och nu vnder händerne är at medh Swensk och Latinsk Vthtolkning vpläggias».⁴⁶ Her må han kjenna til førebuingane til utgåva av Peringskjöld i 1697 med latinsk omsetjing, men allereie i 1670 kom det i Sverige ei omsetjing til svensk (av islendingen Jonas Jonae [= Jón Jónsson] Rugman, *Norlandz Chrönika och Beskrifning*) av *Særskilde saga* og delar av *Hkr III*.⁴⁷

Den same rimkrønika vart seinare utgjeven av Gustav Klemming etter eit handskrift der yngste del er frå 1523, no med signaturen Kungliga biblioteket, D 2.⁴⁸ Hadorph bruka også D 2, men hadde dessutan tilgang til eit anna handskrift som no er tapt.⁴⁹ Klemming kommenterer at Hadorph har «en hop försämringar», som må vera jamført med Klemmings eiga utgåve av saga etter D 2.⁵⁰

Eg har jamført dei to utgåvene line for line, og det er små forskjellar. Den viktigaste innhaldsmessig er at Hadorph har med åtte verseliner i innleiinga som D 2 mangla.⁵¹ Det er først fire verseliner om at ikkje alle kan «Norges Maal», og så etter dei to verselinene (K 313^{11–12}) om at forfattaren har «uthsöcht» det han likar best frå «Norges Crönika», fire nye verseliner som vender seg til lesaren. Elles er det ein viktig skilnad at Klemming gjev att handskriftet bokstav for bokstav, med oppløyste forkortingar markerte med kursiv, medan Hadorph har løyst opp forkortingar og sett til store bokstavar både først i kvar line, i særnamn og noko inkonsekvant i substantiv elles. Nedanfor gjev eg derfor att teksten frå Klemming når eg siterer.

Elles ser det ut til at baa versjonane har nokre feil, anten dei kjem av utgjevarane eller førelegga deira. Generelt ser det ut til at Klemming oftare har utelatingar av enkeltord, somtid som skiplar meininga, og ein del avvik i ordstillinga der Hadorph oftast verkar å ha den mest naturlege rekkjefølgja. Det kan såleis sjå ut til at Hadorph hadde det beste handskriftet, men det er likevel kome inn ein del feil, som kan vera Hadorphs verk. Eg skal gje nokre få døme.

Fleire stader er tal feil attgjevne. «halft fiorða hundrað» i saga (ÓH 439⁸ og 440⁸) har Klemming (346^{1048, 1064}) korrekt gjeve att med «iiij» (j-er romartal for ½), medan Hadorph i det første tilfellet har «M.^c» og i det andre «IIII.^c». Det siste kan kanskje ha ei reint typografisk forklaring, men ikkje det første. «.cccc.» i saga (ÓH 521¹), rett attgjeve av Klemming («iiii^c», 362¹⁵⁶⁹), har vorte til «VI.c» (Hadorph s. 62).

Meir i kategorien slurvefeil er nok «Nädilroos» (Hadorph s. 78; Klemming 376¹⁹⁸² har «nidaros») og at Harald Gormsson (Blåtann) er kalla «Harald Grönson» dei tre gongene han er nemnd (Hadorph s. 8; Klemming s. 318 har «gormson»). Hadorph eller førelegget har òg nokre døme på samanblanding av <f> og <þ> (høg s). To

45 Etter Johnsen & Jón Helgason 1941, forkorta ÓH, med linenummer i heva skrift.

46 Hadorph 1675, s. iii r.

47 Bjarni Aðalbjarnarson 1951, s. XCVII, C.

48 «Historia sancti Olaj» 1881–1882, s. 313–381; nedanfor forkorta «K» med verseline i heva skrift. D 2 er tilgjengeleg digitalt: <https://www.manuscripta.se/ms/100346>.

49 Geete 1903, s. 28–29.

50 «Historia sancti Olaj» 1881–1882, s. 380.

51 Jf. «Historia sancti Olaj» 1881–1882, s. 380, der Klemming trykkjer dette stykket etter Hadorph.

døme: Hadorph (s. 4) har «Smefrid Sniska» der Klemming (315⁷⁵) har «finzka», som opplagt er rett (samekvinna *Snæfríðr* var frilla til Harald Hårfagre); Hadorph (s. 7) har «Han kom i Harald Grønska Sund» der Klemming (s. 318¹⁶²) har «fwnd», som opplagt er rett (norr. *fundr* 'møte'). Her må Hadorph eller førelegget hans ha lese <f> som <þ>, og sidan Hadorph har store bokstavar her, ulikt det vanlege i mellomalderen, er det vel helst han som har skulda.

4.2 Kjelde og handskrifthistorie

Tidlegare forskarar ser ut til å vera samde om at rimkrønika er ein sterkt forkorta versjon av olavssoga i Isl. perg. 4:o 2.⁵² Dette er hovudhandskriftet av den ovanfor (§ 3.2) nemnde *Særskilde saga om Heilag-Olav*. Isl. perg. 4:o 2 er eit islandsk handskrift frå siste halvdel av 1200-talet som kom til Noreg tidleg på 1300-talet, meiner O.A. Johnsen og Jón Helgason.⁵³ Dei følgjer vidare Gödel i at handskriftet kom til Sverige midt på 1400-talet, der det vart kjelde for rimkrønika. Dei viser elles til Gustav Storm om tilhøvet mellom Isl. perg. 4:o 2 og rimkrønika.

Gustav Storm behandla dette først i *Snorre Sturlassöns historieskrivning*, der han skriv om handskriftet: «I Midten av 15de Aarh. kom det til Sverige, hvor det allerede för c. 1470 blev bearbejdet til en svensk Rimkrönike, (udg. 1675 af Hadorph).»⁵⁴ Det er inga grunngjeving for dette der.

I *Monumenta historica Norvegiæ* nemner Storm at handskriftet også har gjeve «Efterretninger til den lille Rimkrönike (om Kong Sor) og til Breviarium Lincopense».⁵⁵ Dette breviariet, datert til 1493, har nokre detaljar omkring Heilag-Olavs død: «Legitur enim in cronicis islandie: quod thorirus hundir pupugit sanctum olauum in pectore Thorstanus knarra smidher secuit eum in genu. et kalffwer arnasson secuit eundem in collo in sua sanctissima passione.»⁵⁶ *Lilla rimkrönikan* er utgjeven av Klemming og vart påbyrja på 1450-talet, altså det som kan synast å vera same tid som nokon bruka Isl. perg. 4:o 2 som kjelde for den olavskrønika vi diskuterer her.⁵⁷

Ei litt meir utfyllande grunngjeving (men framleis på éi side) gjev Storm noko seinare. Han viser til det han har skrive tidlegare, men daterer no rimkrønika til ca. 1450. Klemming hadde i utgåva si meint at nokre opplysingar måtte vera frå andre kjelder. Dette avviser Storm, og viser til at «Rimkröniken [følger] Sagaen Skridt for Skridt, dog med stærke Forkortelser og Forvanskninger», og avviser at éin detalj skal vera «fra en ganske forskjellig Kilde, som ellers ikke kan paavises».⁵⁸

I eit etterord i utgåva si gjev Klemming kortfatta opplysingar om tekstane. Om hverande krönike har han relativt lite å melda:

N. 5 Historia s. Olai är ett mycket knapphändigt och dåligt sammandrag af Snorre Sturlasons Saga Olafs ens helga. Förmodligen är det gjordt under Karl Knutssons regering efter handskrifter, som hemfördes på hans hemresa från kröningen i Norge 1449. En af dessa är säkerligen den i Kongl. Biblioteket bevarade n. 2 i qvart af isländska handskrifter. [Så følgjer detaljen Storm 1883 argumenterer mot.]⁵⁹

52 Klemming 1881–1882, s. 522; Storm 1883, s. 304 (der han forsvarar si eiga oppfatning frå 1873); Gödel 1897, s. 16; Geete 1903, s. 28; Johnsen & Jón Helgason 1941, s. 887).

53 Johnsen & Jón Helgason 1941, s. 886–887.

54 Storm 1873, s. 220.

55 Storm 1880a, s. LIII.

56 Storm 1880a, s. 249. 'Det kan nemleg lesast i islandske krøniker at Tore Hund stakk Heilag-Olav i brystet, Torstein Knarresmed hogg han i kneet og Kalv Arnsson hogg han i halsen i hans [d.e. Olavs] heilage martyrium' (mi omsetjing).

57 »Lilla Rim-Krönikan» 1865, s. 215–231.

58 Storm 1883, s. 304.

59 Klemming 1881–1882, s. 522.

I oversynet sitt over *Fornnorsk-isländsk litteratur i Sverige* kjem Vilhelm Gödel også inn på krønika: «Sålunda har den versifierade krönikan *Historia Sancti Olai* parafaserats efter Kongl. bibliotekets isländska handskrift: perg 4:o nr 2», med tilvising til Klemming og Storm.⁶⁰ Det ser ikkje ut som han har gjort ei sjølvstendig vurdering, men han går heller ikkje mot tradisjonen.

Gödel er vidare inne på korleis handskriftet kan ha kome til Sverige. P.A. Munch meinte Karl Knutsson kunne ha fått det med seg frå det korte opphaldet sitt som konge i Noreg 1449–1450, ein tanke som fleire seinare har støtta.⁶¹ Gödel sluttar seg i staden til Gustav Storm, som meinte at handskriftet kom frå birgittinarklosteret Munkeliv i Bergen til hovudklosteret i Vadstena.⁶² Denne tanken støttar også Johnsen og Jón Helgason.⁶³ Ein del andre handskrifter ser i alle fall ut til å ha kome denne vegen; det gjeld blant anna handskriftet med ei liste over bøker som truleg har tilhøyrt biskop Arne Sigurdsson i Bergen (1305–1314).⁶⁴

4.3 *Særskilde saga, Heimskringla* og rimkrønika

Som vi har sett, er ikkje tidlegare forskarar alltid så konkrete om kva som gjer at rimkrønika må koma frå *Særskilde saga* (*ÓH*), og den mangelen skal bøtast her. Som nemnt (§ 3.2) er det nokre skilnader mellom denne saga og versjonen ein vanlegvis finn i utgåver av heile *Heimskringla*. Sigurður Nordal nemner ein del detaljar i *ÓH* som manglar i *Hkr*, og nokre av desse kan finnast att i rimkrønika.⁶⁵

- Harald Hårfagre gifta bort døtrene sine til innanlandske jarlar (*ÓH* 7^{12–13}; K 315^{80–81}).
- Gunnhildssønene lova å halda lova som kong Håkon (Adalsteinsfostre) hadde sett (*ÓH* 19^{12–13}; K 317^{137–138}).
- Hertugane av Braunschweig (norr. *Brúnsvík*) ættar frå Heilag-Olav (*ÓH* 628^{7–8}; K 376^{1996–1998}).

Sigurður Nordal nemner vidare andre avvik mellom dei to versjonane.⁶⁶ Her er problemet at det meste manglar i rimkrønika, slik at ein ikkje kan kontrollera framstillinga. Til dømes nemner Sigurður kva lovområde Håkon Adalsteinsfostre sette lov for (*ÓH* 18^{11–12}), men her har rimkrønika berre «satte thing oc gjorde lagh» (K 317¹²²). Eitt av punkta finn ein likevel att i krønika: Eit kapittel om blant anna delinga av Noreg i tre etter at Olav Tryggvason fall, har i *ÓH* (kap. 30) fått ei uheldig plassering, innskote mellom at Heilag-Olav seglar til Noreg og møter Håkon jarl, og nett dette innskotet er med på same plass i krønika (K 324^{360–364}).⁶⁷

Dei siste punkta Sigurður Nordal nemner som skilnader mellom dei to olavs-sogene, gjeld bruken av kjelder.⁶⁸ Igjen er dei fleste punkta anten utelatne i rimkrønika eller så rundt formulerte at det er vanskeleg å seia noko sikkert. Men på to punkt er det samsvar.⁶⁹

60 Gödel 1897, s. 16.

61 Gödel 1897, s. 19 med referansar.

62 Gödel 1897, s. 19–21.

63 Johnsen & Jón Helgason 1941, s. 887; dei skriv «muligvis», men nemner ikkje andre alternativ.

64 Storm 1880b.

65 Jf. Sigurður Nordal 1914, s. 174–175.

66 Sigurður Nordal 1914, s. 175–183.

67 Det kan sjå ut som forfattaren heller ikkje har likt plasseringa og ikkje vil utbrodera hendinga: «norges krönika siger aff thy / at norges rike var skipt j thry / för än helge olaff kom ther till / the sagw iak ey längia vill».

68 Sigurður Nordal 1914, s. 183–192.

69 Sigurður Nordal 1914, s. 184–185.

- Opplysinga om at Erik Emundsson (i Sverige helst kalla Anundsson) døydd da Harald Hårfagre var 20 år (*ÓH* 26¹¹⁻¹²) finst att i krønika, rett nok forvanska til at det var kong Erik som var 20 år (K 319¹⁹⁰⁻¹⁹¹).
- Ei opplysing om uår (*ÓH* 23¹⁸–24¹) står på same plass i forteljinga i krønika (K 318¹⁵⁸), men på ein annan stad i *Heimskringla*.

Rimkrønika samsvarar altså med *Særskilde saga* på fleire punkt der denne saga skil seg frå *Heimskringla*, medan det er ingenting som talar mot det. Det skulle visa tydeleg nok at det er *Særskilde saga* som er utgangspunktet for rimkrønika.

5 Jamføring mellom rimkrønika og *Særskilde saga*

Eg har gått gjennom krønika line for line og jamført med *Særskilde saga* i utgåva til O.A. Johnsen & Jón Helgason, og tekstane følgjest tett åt, sjølv om det er store utelatingar i rimkrønika. Det er oppsiktsvekkjande kor lik progresjonen i framstillinga er; berre sjeldan må ein bla nokre få sider bakover i saga for å finna att opplysingar i rimkrønika.

5.1 Krønika og Isl. perg. 4:o 2 – samsvar og utelatingar

Vers 1–12 er ei innleiing av forfattaren, før parafrasen byrjar med «Arj heet een viis man», slik prologen i *ÓH* byrjar «Ari ... enn froðe». Denne prologen finst ikkje i så mange handskrifter, og den reviderte prologen i *Hkr* har eit anna avsnitt først.⁷⁰ Det er eit argument for at det er akkurat dette handskriftet som er bruka. Vidare kan alle konkrete opplysingar i det følgjande finnast att i prologen til *ÓH*, sjølv om det ser ut til at forfattaren har misforstått noko – til dømes har Hallr Þórarinnsson, som fostra Ari fróði, vorte forveksla med Haraldr Sigurðsson, som er nemnt like før i *ÓH*-teksten, og forfattaren har fått for seg at Ari fróði har skrive heile saga.

Etter prologen følgjer nokre opplysingar om Harald Hårfagre (K 314⁴⁷⁻⁵⁴) som finst att i *ÓH* 6¹⁻⁷. Her er eit pussig mistak: Det heiter at Harald hadde 19 (xix) søner, men *ÓH* 6⁸ har «.xx. eða meir». Isl. perg. 4:o 2 er klårt og tydeleg på dette punktet, så det er ingen grunn til å lesa feil; det er heller ingen variasjon i handskriftene, i tilfelle forfattaren hadde tilgang til eit anna. Det er eit døme på at rimkrønika somtid har nokre uforklarlege variantar som ikkje stemmer med nokon andre versjonar.

Somme stader kan ein sjå at saga er henta inn ord for ord, til dømes om Håkon Adalsteinsfostre: «Likaster war han sinom fadher» (K 316¹⁰⁰), jf. *ÓH* (13³) «hann var licastr Haralldi feðr sinom»; *Hkr I* (s. 143) har ei tilsvarande setning med anna ordval: «sá sveinn var [...] mjök líkr feðr sínum». Mykje er utelate, men ein finn att så godt som alle konkrete opplysingar i *ÓH*, rett nok med nokre mistydingar og feil. Dei korte forteljingane om kongane før Heilag-Olav viser særleg tydeleg sambandet med *Særskilde saga*, for i *Heimskringla* er desse sogene mykje utbygde; ein kan rett nok finna att enkeltopplysingar, men dei er spreidde utover ein lang tekst.

Samanhengen mellom *ÓH* og krønika er tett til eit stykke ut i saga om Olav sjølv. Etter kvart blir det likevel verre å følgja sagaen ord for ord, for her er framstillinga forkorta så veldig mykje meir. Den lange historia om da Olav og Svein Haraldsson (Tjugeskjegg) vann London, er til dømes oppsummert i to liner. Tilsvarande har historia om slaget ved Nesjar i 1016, som fyller fleire sider i

⁷⁰ Jf. Johnsen & Jón Helgason 1941, s. 1.

sogeutgåva, vorte til to liner om førebuingane og ingen detaljar ut over «ther fiöll folck aa bada sido» (K 327⁴⁵⁶) om sjølve slaget. Dessutan er mange formuleringar i rimkrønika nokså runde, om Olav som kristnar landet og ymse anna, slik at det er vanskeleg å vita sikkert nett kva forfattaren byggjer på.

Aller mest forkorta er rimkrønika etter K s. 336 / *ÓH* s. 176. Her følgjer historia om kong Rørek Dagsson (som er lite kjend utanom akkurat denne framstillinga), seinare utdrag frå *Orkneyinga saga* (*ÓH* s. 229 ff.), dei kjende historiene om Dale-Gudbrand (*ÓH* s. 271 ff.) og Asbjørn Selsbane (*ÓH* s. 289 ff.) og innimellom stoff om ymse andre stormenn og hopehav med Island og Færøyane. Her spring saga fort over mykje og oppsummerer somt anna på nokre liner, slik at 150 sider i *ÓH* er unnagjort på 3 sider i Klemmings utgåve.

Klemming (339⁸³⁶–341⁸⁹¹) ser igjen ut til å følgje *ÓH* (s. 336–346) tett. Så er det litt fri gjenforteljing og store sprang att, der historier om Tore Hund og ymse andre nordmenn og islendingar er utelatne. Ei detaljopplysing som «Aa trätande aare han konung var» (K 342⁹²⁴) finn ein att i *ÓH* (371^{4–5}), men elles blir sambandet først tydeleg frå nye stridar med kong Knut (*ÓH* s. 423 ff.). Her er det til gjengjeld tett samsvar vidare framover, og handlinga i krønika kan følgjast line for line i saga. Dette gjeld heilt fram til slaget på Stiklestad, med berre nokre mindre delar av saga utelatne. Den største utelatne delen gjeld oppbygginga til slaget og talar frå fleire av motmennene hans Olav (*ÓH* s. 556–574). Elles er det meste med, til dels svært nøyaktig, om kva som skjedde med liket hans Olav og ulike mirakel knytte til det, om døden hans kong Knut og at Magnus Olavsson blir konge. Soga fortset her med fleire jartegner som skjedde seinare og ikkje inngår i den same historiske samanhengen (*ÓH* s. 630–654), men desse er utelatne i rimkrønika, som gjev seg med at Heilag-Olav hjelper sonen Magnus i strid mot vendene (K 376; *ÓH* 630).

5.2 Krønika og Isl. perg. 4:o 2 – tillegg

Så forkorta som teksten er, er det ikkje så mange nye konkrete opplysingar som har kome inn. Det er somtid noko vanskeleg å avgjera om forfattaren berre gjen-diktar litt fritt, eller om han faktisk fører inn noko heilt nytt. Naturleg nok ville ein som skulle skriva ei rimkrønike etter stilkjensla på 1400-talet velja ei litt anna framstillingsform enn sogeskrivaren tidleg på 1200-talet.

Det er likevel nokre innskot som ikkje ser ut til å koma frå saga. Ein del slike innskot illustrerer Olav som ein heilag mann. Eit døme er fødselen til sonen Magnus. I sogene er det fortalt at barnet var sjukt og måtte døypast same natta for å vera sikker, men rimkrønika tek det eit steg lenger: «thz laa döth j thry dygn / var saa sant oc engen lygn / Olaff bad tha gud om lif / thz fik tha anda j sama tiid» (K 339^{830–833}).⁷¹ Eg har ikkje funne denne detaljen andre stader.

I folketradisjonen finst det mange historier om at Olav temjer troll eller vette.⁷² Olav Bø hermar faktisk ein episode frå rimkrønika (K 341⁹⁰⁶–342⁹²³) der Olav frir ein bonde som er plaga av troll, og gjer eit troll til stein.⁷³ Eit litt liknande møte med troll finst i *Legendariske saga* (kap. 73), men med færre detaljar, til dømes at trollet vart til stein. Det er derimot vanleg i ymse folketradisjon og ser ut til å vera ein inter-polasjon i rimkrønika frå munnleg tradisjon.

Eit nokså umotivert innskot om at «Sancte staffan stenther var / bidia för owinom var han snar» (K 365^{1662–1663}) har ikkje dekning i saga, og Sankt Staffan var vel viktigare i Sverige enn på Island. Like før slaget sovnar Olav og drøymmer at han

71 Klemming (som mange andre svenske utgåver) gjev att det z-liknande forkortingsteiknet for et med <z>; «thz» skal lesast «thet» 'det'.

72 Bø 1955, s. 47–59.

73 Bø 1955, s. 49.

går opp ein stige til himmelen, «som Jacob patriarchen», legg krønika til (K 366¹⁶⁸⁸), etter Jakobs tilsvarende draum i 1 Mos 28,12. Ein artig detalj er at det heiter at slaget på Stiklestad stod «odensdag» (K 367¹⁷¹²); her har dei islandske tekstane *miðvikudagr*, for dei heidenske vekedagsnamna vart meir vellukka utrydda på Island. Til slutt kan det nemnast at rimkrønika omtalar Olof Skötkonung med dette tilnamnet, medan han i saga er kalla *Óláfr sönskilEiríkssonri sviakonungr*; forfattaren var naturleg nok kjend med det svenske tilnamnet.

I etterordet til nyutgåva nemner Øystein Ekroll opplysingar i rimkrønika om kyrkjer, både «kirkio ther var aff thrä» der Kristkyrkja no står, og at denne siste var bygd av kleberstein («telgesteen»); han nemner også ein brunn («ther var en bron mz vatne vider») der Olav først vart gravlagd, i motsetjing til *kjelde* i eldre tektar.⁷⁴ Det siste er feil; så vidt eg kjenner til, har alle kjeldene ordet *brunnr*, som på norrønt kan tyda både 'brunn' og 'kjelde', så her har forfattaren berre valt ei ordrett omsetjing.⁷⁵ Det første må anten forklarast med munnleg tradisjon eller at forfattaren rett og slett gissar at den eldste kyrkja var av tre. Den eine opplysinga at den første kyrkja var av tre er knapt nok til å postulera andre kjelder.

Som Ekroll nemner, er det ikkje umogleg at den personen som sette seg ned og laga rimkrønika midt på 1400-talet, sjølv hadde vore i Trondheim. Han kan ha vore der på handel eller pilegrimsferd, eller han kan ha vore i følgjet hans Karl Knutsson til kroninga i 1449. Det veit vi ikkje, men det er på ingen måte usannsynleg at ein lærd svenske i 1450 hadde vitja Trondheim og kunne byggja på sjølvsyn i skildringa av byen og kyrkjene der. I alle fall ville han nok kjenna til at det fanst ei domkyrkje av stein i byen, og kanskje tenkja seg at det tidlegare var ei trekyrkje på staden.

5.3 Tendensar i gjendiktinga

Den mest slåande skilnaden mellom rimkrønika og *ÓH* er naturlegvis kor mykje stoffet er forkorta, som det var gjeve døme på ovanfor. Ein stad kommenterer krønikerforfattaren sjølv dette når han skriv (K 337^{766–767}) «thz ärendet gör krönikan mykit lankt / thz alt vtseya vaare mik trongt».

Det er ein tydeleg tendens til konsentrasjon om Olav sjølv og vekt på skandinaviske forhold, særleg norsk–svensk hopehav. Rein slektshistorie og innskotne historier om norske stormenn, islandske skaldar og kong Knut den mektige er ofte kutta (jf. nemnde utelatingar i § 5.1). Det same gjeld lange talar, som Snorre ofte legg i munnen på personane; dei blir kraftig forkorta eller utelatne.

Det er vel knapt til å undrast over at ein svensk versjon tek med mykje av det som har med Sverige å gjera. Somtid blir det likevel for langtekkeleg for krønikerforfattaren sjølv om Sverige: *ÓH* har ei lang historie om korleis sendemenn frå Olav prøver å lokka Olof Skötkonung til fredsavtale og til å gje dotter si til Olav (*ÓH* s. 129–142), som krønika hoppar over for å koma til resultatet. Her er det jo heller ikkje Olav sjølv som er hovudpersonen, men sendebodet Hjalti Skeggjason frå Island.

Ein gjennomgåande tendens, som ein vel kan gissa frå «sancti olai» i tittelen, er at det blir lagt vekt på Olav som ein heilag mann. Det er små innskot om kor kristen han er, og eit par små detaljar (sjå § 5.2) av overnaturlig karakter. Slik er det innhaldsmessige likskapar med *Legendariske saga* i motsetjing til den meir nøkterne versjonen hans Snorre, men det er ikkje tekstleg samband med *Legendariske saga*, for strukturen er annleis og detaljane ulike. *Legendariske saga* fortel til dømes at Gud opna eit sund for Olav da han var innestengd av Olof Sköt-

74 Ekroll 2022, s. 84. Desse opplysingane finst i «Historia sancti Olai» 1881–1882, s. 372.

75 Sjå t.d. Johnsen & Jón Helgason 1941, s. 602²; *Hkr II*, s. 405.

konung, medan rimkrønika her har versjonen frå Snorre der Olav lèt grava ein kanal over natta – heller ikkje særleg sannsynleg, men ikkje overnaturlig (K 321^{258–259}; ÓH 37¹⁰).

5.4 Oppsummering

Rimkrønika følgjer *Særskilde saga* svært tett – nesten overraskande tett med tanke på tilpassing til ein ny sjanger og eit nytt publikum. Som nemnt ovanfor har likevel forfattaren lagt til noko smått av eige tildriv, i tillegg til å forkorta saga drastisk og rota med nokre namn og tal.

Det har funnest ein omfattande munnleg tradisjon knytt til Heilag-Olav, som Olav Bø har gjort greie for.⁷⁶ Bø held seg mest til den vestnordiske tradisjonen, men jamfører noko med Sverige. Han viser til svenske forskarar for den sterke stillinga Sankt Olof har hatt i svensk folketradisjon, til dømes Adolf Schück: «Ingen helgon-kult, invandrad eller född inom landets gräns, har haft ett sådant rotfäste i Sverige som Olofs.»⁷⁷

Krønikeforfattaren midt på 1400-talet har heilt sikkert – som alle svenskar midt på 1400-talet og lenge etterpå – kjent ulike segner knytte til Sankt Olof og Nidaros. Denne munnlege tradisjonen kan godt vera utgangspunktet for mindre detaljar i krønika som ikkje finst att i saga. Eit slikt døme er mirakelet nemnt ovanfor frå da Magnus Olavsson vart fødd, som eg ikkje har funne att andre stader. Men i all hovudsak er konkrete opplysingar i rimkrønika attfinnande i *Særskilde saga*.

6 Konklusjon

Rimkrønika er ifølgje vitskapleg konsensus eit samandrag av Snorres *Særskilde saga om Heilag-Olav* i Isl. perg. 4:o 2. Eg har jamført krønika line for line med *Særskilde saga*, og sjølv om det er nokre feil og forvanskningar, i tillegg til at teksten er mykje forkorta, er det ingen grunn til å tvila på den hevdvunne oppfatninga. Jamvel om vi kanskje ikkje kan vera heilt visse på at det er nett dette handskriftet og ikkje eit anna handskrift av same sogen som er kjelda, er det likevel den enklaste forklaringa når vi elles veit at Isl. perg. 4:o 2 har vore i Sverige.

Det er slik sett ikkje så mykje nytt å henta i sjølve teksten, men rimkrønika – så vel som utgåva hans Johan Hadorph – er eit interessant døme på korleis gamal tradisjon vart omarbeidd og tilpassa ein ny sjanger etter som den litterære moten skifta. Dessutan er det interessant å spørja seg kva politiske omstende som kan ha inspirert til slikt arbeid, både omsetjinga på 1400-talet og utgjevinga i 1675.

Kjelde- og litteraturliste

Trykte kjelder

Heimskringla I–III (Íslensk fornrit 26–28), utg.: Bjarni Aðalbjarnarson (Reykjavík 1941–1951).

«Historia sancti Olai», i *Svenska medeltids-dikter och rim*, utg.: Gustaf Edvard Klemming (Stockholm 1881–1882).

«Lilla Rim-Krönikan», i *Svenska medeltidens rimkrönikor*, I, utg.: Gustaf Edvard Klemming (Stockholm 1865).

Sverris saga, utg.: Gustav Indrebø (Kristiania 1920).

⁷⁶ Bø 1955.

⁷⁷ Sitert etter Bø 1955, s. 19.

Litteratur

- Andersson, Theodore M., «Kings' Sagas (*Konungasögur*)», i *Old Norse-Icelandic Literature*, red.: Carol J. Clover & John Lindow (Toronto 2005, 2. utg. [1985]).
- Ármann Jakobsson, «Royal Biography», i *A Companion to Old Norse-Icelandic Literature and Culture*, red.: Rory McTurk (Chichester 2005).
- Ármann Jakobsson, «Kings' Sagas», i *Oxford Bibliographies in Medieval Studies*, red.: Christopher Kleinhenz et al. (digitalt 2023, DOI: 10.1093/obo/9780195396584-0318).
- Bjarni Aðalbjarnarson, «Formáli», i *Heimskringla III*, utg.: Bjarni Aðalbjarnarson (Reykjavík 1951).
- Bø, Olav, *Heilag-Olav i norsk folketradisjon* (Oslo 1955).
- Ekroll, Øystein, «Etterord», i *Sanct Olavs saga på Swenske Rim*, utg.: Øystein Ekroll (Trondheim 2022).
- Geete, Robert, *Fornsvensk bibliografi* (Stockholm 1903).
- Gödel, Vilhelm, *Fornnorsk-isländsk litteratur i Sverige, I* (Stockholm 1897).
- Hadorph, Johan, «Förespråk til Läsaren», i *Sanct Olavs Saga på Swenske Rim*, utg.: Johan Hadorph (Stockholm 1675).
- Holtmark, Anne, «Innledning», i *Legendarisk olavssaga* (Oslo 1956).
- Indrebø, Gustav, *Fagrskinna* (Kristiania 1917).
- Jakobsen, Alfred & Hagland, Jan Ragnar, *Fagrskinna-studier* (Trondheim 1980).
- Jørgensen, Jon Gunnar, *Det tapte håndskriftet Kringla* (Oslo 2000).
- Klemming, Gustaf Edvard, «Efterord», i *Svenska medeltids dikter och rim*, utg.: Gustaf Edvard Klemming (Stockholm 1881–1882).
- Louis-Jensen, Jonna, «'Syvende og ottende brudstykke'. Fragmentet AM 325 IV α 4to», i *Opuscula* 4 (1970).
- Louis-Jensen, Jonna, «Heimskringla – Et værk af Snorri Sturluson?», i *Nordica Bergensia* 14 (1997).
- Mortensen, Lars Boje, «Introduction», i *Historia Norwegie*, red.: Inger Ekrem & Lars Boje Mortensen (København 2003).
- Myrvoll, Klaus Johan, «Skule jarl, Snorre og den historiske bakgrunnen åt *Fagrskinna*», i *Maal og Minne* 115:1 (2023).
- Sigurður Nordal, *Om Olaf den helliges saga* (København 1914).
- Storm, Gustav, *Snorre Sturlassöns historieskrivning* (København 1873).
- Storm, Gustav, *Monumenta historica Norvegiæ* (Kristiania 1880a).
- Storm, Gustav, «Den Bergenske Biskop Arnes Bibliothek», i *[Norsk] Historisk tidsskrift* 2 (1880b).
- Storm, Gustav, «Om Kilden til den svenske Rimkrønike om St. Olaf», i *Arkiv för nordisk filologi* 1 (1883).
- Ulset, Tor, 1983. *Det genetiske forholdet mellom Ágrip, Historia Norvegiæ og Historia de antiquitate regum Norwagiensium* (Oslo 1983).

Vedlegg: Bibliografi over sentrale tekstutgåver

Nedanfor følger eit oversyn over utgåver av dei viktigaste kjeldeskriftene. Dei står her i laus kronologisk orden (etter *teksten*, ikkje nødvendigvis *handskriftene* han er bevart i). Der eldre utgåver er erstatta av nyare, er berre den nyaste med, men eg tek med både unormaliserte utgåver etter handskriftene og normaliserte «lese-utgåver» der slike finst. Faksimileutgåver er derimot ikkje medtekne.

Passio Olavi = *Der heilige Wikingerkönig Olav Haraldsson und sein hagiographisches Dossier. Text und Kontext der Passio Olavi* 1–2, utg. av

- Lenka Jiroušková, Leiden 2014. [På latin og berre bevart i utanlandske avskrifter.]
- De antiquitate regum Norwagiensium av Theodoricus*, utg. av Egil Kraggerud (med eng. og norsk omsetjing), Oslo 2018.
- Historia Norwegie*, utg. av Inger Ekrem & Lars Boje Mortensen (med eng. omsetjing av Peter Fisher), København 2003.
- Ágrip af noregskonungasögum*, utg. av Matthew J. Driscoll (normalisert tekst med eng. omsetjing), London 2008.
- Eldste saga = Otte Brudstykker af den ældste Saga om Olav den hellige*, utg. av Gustav Storm, Christiania 1893. [Nyare forskning trur ikkje at alle desse fragmenta faktisk tilhøyre *Eldste saga*.]
- Legendariske olavssaga = Olafs saga hins helga*, utg. av Oscar Albert Johnsen, Kristiania 1922.
- Morkinskinna*, utg. av Finnur Jónsson. København 1932. [Hovudhandskriftet GkS 1009 fol. som sluttar i 1157. Normalisert utg. utfylt etter yngre handskrifter av Ármann Jakobsson og Þórður Ingi Guðjónsson i Íslenzk fornrit 23–24, Reykjavík 2011.]
- Fagrskinna. Nóregs kononga tal*, utg. av Finnur Jónsson. København 1902–03. [B-versjonen frå ca. 1250. Denne versjonen er også grunnlag for den normaliserte utgåva av Bjarni Einarsson i Íslenzk fornrit 29, Reykjavík 1985, trykt saman med *Ágrip*.]
- Fagrskinna. Kortfattat norsk Konge-Saga fra Slutningen af det tolfte eller Begyndelsen af det trettende Aarhundrede*, utg. av P.A. Munch & C.R. Unger, Christiania 1847. [A-versjonen frå ca. 1350.]
- Saga Óláfs konungs hins helga / Den store saga om Olav den hellige 1–2*, utg. av Oscar Albert Johnsen & Jón Helgason, Oslo 1941.
- Heimskringla. Nóregs konunga sögur I–IV*, utg. av Finnur Jónsson (band II = *Óláfs saga ins helga*), København 1893–1901. [Etter handskriftet *Kringla* med normalisert rettskriving.]
- Hkr = Heimskringla I–III*, utg. av Bjarni Aðalbjarnarson (band II = *Óláfs saga ins helga*). Íslenzk fornrit 26–28, Reykjavík 1941–51. [Basert på Finnur Jónssons utgåve, med nokre andre val av variantar.]
- Sverris saga*, utg. av Gustav Indrebø, Kristiania 1920. [Etter AM 327 4° utan variantapparat; lakunar utfylte etter *Flateyjarbók*.]
- Historia sancti Olaj*, utg. av Gustav Erik Klemming i *Svenska medeltids dikter och rim*, s. 313–381, Stockholm 1881–82. [Tidlegare utgjeven av Johan Hadorph i 1675; boka er tilgjengeleg fleire stader på nettet, t.d. <https://baekur.is/bok/3d31fab7-46aa-4ff6-becd-8555f52297d5>.]